

# Vikingen

## Kort vedlikehaldsrapport for 2016

### Storvøle av motoren på Vikingen

#### Litt reoperasjonshistorikk

I 2008 hadde vi eit uhell der mellomakselen brakk. I 2009 fekk vi støtte frå Riksantikvaren til å montere den nye mellomakslingen m.m. To rammelager vart demontert, maskinert og montert saman med ny mellomaksling.

Men framleis var det problem med maskina. Veivakslingen gjekk så slarkete at den sleit av tappen i enden på mellomakslingen, på tross av reparerte rammelager. Ein ekstern mekanikar fekk oppdraget med å gå over motoren for å finne ut kva som måtte til for å få han i orden. Han fann ut at støttelageret for mellomakslingen òg var utslite. Dessutan var veivakslingen oval i tverrsnitt pga. slitasje. Vidare var veivlager og kryssboltlager slitt. Ein kan såleis seie at årsaka til at mellomakslingen knakk var slitte rammelager, men det var ikkje tilstrekkeleg å reparere desse, då dei andre lagera var så slitte at dei skapte problem.

Det viste seg vidare å vere ein del problem med smørjing. Smørjeapparat til mellomaksel var slitt laus. Smørjeapparat til eksenter til oljepumpe mangla heilt. Alle kanalar i botn av motoren, som skal sende smørjeolje opp i motoren, var heilt tette.

Eit problem med slike motorar er at alle deler som er i kontakt med sjøvatn vil korrodere. Korrosjonen har ein tendens til å setje fart når motoren ikkje er i bruk, og særleg om han vert teken på land. Kjølekanalar er opna opp på motoren til Vikingen, desse var nesten tette både i lydpotte og sylinder. Vi har sikra motoren mot vidare korrosjon ved å ha konstant fulle kanalar med frostvæske, og å legge alle deler i diesel.

Botnpanna var svært korrodert, noko som førde til oljesøl ved lensing. No er det laga ein ny botnpanne.

Erfaringar frå denne motoren og andre tilsvarende motorar, tilseier at ein kjem til eit punkt der ein må skifte alle komponentar som har vore i kontakt med sjøvatn. Dette gjeld særleg sylinder, topp og lydpotte. Når det gjeld Vikingen har me vurdert det som tilstrekkeleg å skifte topp.

## Arbeid utført i 2016



Planen var å få avslutta motorvøla og få innkjørt motoren i løpet av 2016. Det viste seg at dette ikkje vart mogeleg.

Av omsyn til vidare drift og vedlikehald meiner me det er mest fornuftig å bygge om kjølesystemet til ferskvasskjøling, noko vi òg har fått løyve frå Riksantikvaren til å gjere, og dette vart gjort i 2016. Det har vist seg at dette anlegget ikkje er riktig dimensjonert, og me ser føre oss at det må byttas ut med riktige dimensjonar og materiale. Dette arbeid vil innebera at båten må på slipp.



Det viste seg altså at det var vanskeleg å få motoren i drift til sesongen 2016 slik me hadde håpa på. Me fekk rensa kjølerøyr og starta opp motoren ved eit par høve. Motoren er no OK, men kjølinga må utbetras før båten er klar for aktiv bruk.

Det var likevel gledeleg då me sommaren 2016 kunne ta ned presenningskuret og heisa på plass styrehuset på fartøyet. I den samanheng vart det gjennomført vedlikehald av dekk og styrehus. Der er lagt ny dørk og motoren er retta opp. Opplegg for permanent installasjon av forvarming med gass er starta. Installasjon av generator vil bli gjort i løpet av 2016.

På grunn av problema med å få motoren i drift fekk me ikkje utført den planlagte reparasjonen i bauen.